



Andrea Rice med band i aksjon i Dønhaugkjedlaren. Til venstre står Fee Dobbin, til høgre Michael Chang og Jeff Ward. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er i sannheit imponerende, ja nærmast utruleg, at ein liten nasjon som Irland har makta å formidla sin rike songskatt til heile verda i den grad at den har vorte ein kulturell verdsarv. Og ein av dei fremste formidlarane heiter Andrea Rice frå Downpatrick i Nord-Irland. Torsdag kveld var ho på Dønhaug for tredje gong og vart motteke som ein av våre eigne. Kjedlaren var full – det var ikkje råd å få inn fleire.

Andrea er noko meir enn ein passiv formidlar. Ho har sørge for at gamle songteknikk har come på cd og gjort gamle viser tilgjengelege.

Kva er så forklaringa på underet med den irske musikken?

Andrea sjølv sa det slik til uskedalen.no: - Musikken vår slår an i heile verda fordi den er så livleg og levande. Alle kjenner eit slags eigarskap når dei høyrer irsk musikk og song. Sjølv i Korea seier dei at musikken er deira eigen!



Andrea er kanskje aller best når ho syng balladar akkompagnert av irsk harpe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

At nordmennene og då også kvinneringane har teke den irske musikken til sitt hjarte vart bekrefta til fulle torsdag!

Andrea er ein framifrå formidlar av fleire grunnar. Songstemma hennar er mjuk og djup, med kraftig vibrato. Dessutan er ho svært allsidig og konsertane hennar blir difor aldri monotone - og ho sper opp songen med hektiske reelar. Aller best er jo kanskje når ho syng gamle viser på urspråket gælisk berre med sitt eige harpe-akkompagnement. Då kjem ho tettast på dei musikalske røtene i landet sitt. Ho har også ei eigen evne til å få og halda ein tett kontakt med publikum. Den lett humoristiske passiarene gjev ein ekstra dimensjon til konserten.

Men også dei dyktige musikanerane ho har med seg er viktige for resultatet. Framfor alt bør ektemannen Fee Dobbin, som mellom anna spelar akustisk bass, irsk tromme og gitar, nemnast. Han imponerar ikkje berre musikalsk, men også med sine saftige kommentarar. Så er det felespelaren Michael Chang frå Galway i Republikken Irland, som ikkje minst får det til å kribla i dansefoten.

Til konserten på Dønhaug hadde Andrea også henta inn ein tredje muskar, også han frå Galway, som viste seg å vera ein virtuos både på mandolin og banjo og som fullenda den sterke musikalske opplevinga. Totalt sett vart resultatet så bra at sjølv profesjonelle musikarar i kjedlaren ga seg ende over og lova å koma att på låvedansen seinare i denne månaden.



Andrea stortrivs i Noreg. Fem veker kvar sommar er ho på turne her medan ho ellers i året mest er å finna overalt i Irland. Ikkje minst trivs ho på stader med eit opprinneleg og ekte miljø og typisk nok hadde ho denne gongen halde konsert på Agatunet før ho kom til Uskedalen.

Fee Dobbin imponerte også med sine saftige kommentarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølv om Andrea framfor alt er ein formidlar av irsk country, balladar og folkemusikk, likar ho også amerikansk country. Men klokt nok held ho seg mest til sitt eige.....

Av Ola Matti Mathisen



Det vart mykje klapping i Dønhaugkjedlaren (Foto: Ola Matti Mathisen)